

Norsk stue til Vesterheim

KOLBEIN DAHLE

Dahle, K.: Norsk stue til Vesterheim.
Museumsnytt, nr. 3, 1977, Oslo.
K. Dahle, Fylkeskonservatoren i Nord-Trøndelag,
7700 Steinkjer.*

Kor lenge Det Norsk-Amerikanske Museet, Vesterheim, i Decorah, Iowa, USA, har tenkt på å få seg ei stue frå Noreg, veit eg ikkje. Men hausten 1973 kom målaren Sigmund Årseth att frå USA med opplegg til ei praktisk løysing av saka.

I Øystre Slidre hadde Knut Steinsrud alt tømra fleire hus som var sende til USA i container, og det hende containerane ikkje vart heilt fulle. Ved å fylle opp ein slik med eit gamalt hus, ville frakta bli så godt som gratis.

Spørsmålet var dernest å finne eit høveleg hus. Det ville vere mest praktisk med eit hus frå

* Då denne artikkelen vart skriven, var forfattaren konservator og styrar ved Valdres Folkemuseum, Fagernes.

Valdres på grunn av transporten. Eit hus frå dette distriktet ville kanskje også representere element frå store deler av landet, fordi bygdene her ligg på grensa mellom Austland og Vestland langs den viktige Bergenske hovudvegen.


Det var også ynskjeleg om det var knytt utvandrarsoge til huset, og det burde ha fått si utforming i utvandrartida og representere dei breie lag av folket.

Etter å ha sett på mange, festa vi oss ved ei stue frå Moahaugen, g.nr. 27 b.nr. 9 i Øystre Slidre.

Huset må ha fått si utforming av Tosten Kristoffersen Rudie, f. 1838. Han gifte seg i 1866 (?) med Ingebjørg Syversdotter og kjøpte dette

Stua frå Moahaugen i Øystre Slidre. Eksterior under rivinga.





Stua eksteriørmessig ferdig til kongebesøket hausten 1975.

bruket. Det ser ut til at stua på den tida er flytta til ny tomt, forlenga og bygd på eit par kvarv. Ho vart panelt utvendig, og ho fekk «nasaaval» og skifertak.

Frå 1867 til 1880 vart det født seks barn på Moahaugen, Kristoffer, Nils, Østen, Kari, John og Gulbrand. Av desse vart berre Nils att i Noreg, dei fem andre utvandra til USA og Canada.

Nils starta landhandel, fyrst i ei stue han hadde leigd, men frå 1903 i ein ny forretningsgard på ein parsell han hadde kjøpt inntil eigedomen. Gamlestua vart føderådshus, fyrst for Tosten og Ingebjørg, seinare for Nils og kona hans, Ragnhild.

Både typologisk, sosialt og historisk svara huset svært godt til dei ynskje som var framkomne.

Huset vart revit våren 1974, og mesteparten av tømmeret vart sendt den våren. Resten vart lagra på Valdres Folkemuseum til neste vår. Sumaren 1975 var preparant Knut Sebuødegård frå museet her saman med Knut Steinsrud frå Øystre Slidre og Ola Ladderud frå Gran i USA for å setje opp att huset.

Med god lokal hjelp lykkast det å få det

under tak innanfor den tida, 21–45 dagar, billetten var gyldig. Såleis kunne huset vere ferdig i det ytre til kongebesøket i oktober 1975.

Seinare har konservator Darrell Henning arbeidd med restaurering av interiøret.

Med stua fylgde dei faste skåpa, matskåp og fatskåp, hyller og ei bordskive attmed peisen. Langbord, benker og stolar og innreiing i klevane mangla. Det er no ytra ynskje om å få tak i noko slikt innbu frå Noreg, og helst frå Valdres, slik at det kan stå i stil med huset.

Trass i billeg frakt vart prosjektet dyrt – dyrare enn vi hadde rekna med både her og i USA. Det vart klart at det kom til å bli vanskeleg for museet i Decorah å greie det.

Etter det fekk vi i stand ei innsamling her i landet. Omkring halvparten av kostnaden vart dekkja på den måten, og fleire fylke, nokre verksemder og mange privatpersonar støtta tiltaket. Mest hyggeleg hadde det nok vore om huset fullt ut kunne vorte ei gåve frå Noreg, men det fekk vi ikkje til.

Men huset vart eit stykke Noreg på museet, og det fall godt inn i museet sin hovuddisposisjon med bakgrunn *overfart–nyetablering*.



Bilete frå ein farm i USA, truleg i øystre delen av Montana. Det er Gullik Nordtorp frå Øystre Slidre som har sendt biletet til slektningane sine på Røyne. Framme i buggy'en sit Gullik og kona Ragnbild, f. Hegge. — Det mest interessante er kanskje bustadhuset på farmen. Det er lafta opp på nordisk maner, med medrag og laftehovud. Dette er svært sjeldsynt i Amerkia. Vindaugo er likevel av amerikansk type, og dette har nok sambheng med det lokale handverket. Og om huset teknisk har noko norsk over seg, er utforminga heilt amerikansk. — Eit nordisk trekk er vel elles skigarden bak bygningen. — Bilete og tekst er sendt inn av Kolbein Dable.

Landemerker og historiske distrikter

Verneverdige bygninger blir i New York kalt «Landmarks» – landemerker. De er fredet i henhold til lov som bystyret vedtok 19. april 1965, og listen omfatter omkring 400 nummer, ikke bare hus, men også broer, kirkegårder, parker og trær. Dette er imidlertid bare begynnelsen på listen. På den finner man også «Historic Districts», større og mindre karakteristiske bydeler rundt om i de fem Boroughs som New York består av. Det kan være noen få hus rundt en liten plass, eller større områder som Greenwich Village og Brooklyn Heights. Teller man bygningene som denne fredningen representerer, blir det et samlet tall på omkring 8000. Dette er mye selv for en millionby, og mange vil vel spørre om det kan finnes så mange gamle hus i en by grunnlagt i det syttende århundre og hvor det har foregått så stor byggevirksomhet i moderne tid.

Svaret er at amerikanernes oppfatning er en helt annen enn vår, når det gjelder alder og verneverdighet. Her hos oss har jo, helt til det siste, bygninger på under hundre år vært ansett som lovlig bytte for dem som er mest interessert i byggeklare tomter. Det har vært slik i New York også, men etter at *Landmarks Preservation Commission* ble opprettet som utøvende organ for ovennevnte lov, er det blitt annerledes. Et hus behøver ikke å være særlig gammelt for å komme på fredningslisten. Det er ikke engang nødvendig at det er vakkert etter vår tids oppfatning. – Kommisjonen hevder nemlig at alle tidsaldrer må være representert i byen. Men det er ikke først og fremst *dens* mening som kommer til uttrykk. Den er kommet i stand etter påtrykk fra menige velgere, som hadde sett seg lei på at det ene etter det andre av hus som de var blitt glade i, ble borte uten at noen tok hensyn til hva de måtte mene.

I fjor kom det ut en bok om «Landemerkebevaringskommisjonen», *History preserved*, av Harmon H. Goldstone (tidligere formann) og Martha Dalrymple, og fra den vil jeg sitere:

«Loven gjorde at bevaring av landemerker ble en regulær del av byens administrasjon, istedenfor å utløse hissig kamper hvor forbitrede borgere deltok. Kommisjonen har nært samarbeid med andre av byens organer, slik at når et landemerke eller et historisk distrikt er kommet på listen, betyr det at byen New York vil sørge for at bygningen eller området blir tatt vare på på en skikkelig måte, hvis det er menneskelig mulig.»

Og denne listen er på ingen måte avsluttet. Den vokser stadig. Siste dag jeg var i New York, 31. januar i år, hadde New York Times en melding om at Metropolitan Museums gjenboer, på den andre siden av Fifth Avenue, søkte om å få godkjent et historisk distrikt som skulle omfatte åtte kvartaler. Det er alt sammen bygninger fra begynnelsen av dette århundre, og de utgjør et harmonisk hele. Dette så det imidlertid ut til å bli slutt på etterat entreprenører i 1972 hadde revet ned to av de femetasjes husene, og hadde planer om å reise høybygg på tomten etter dem og et nabohus. Da protesterte naboene, og takket være Landmarks-kommisjonen er de blitt hørt. Hvorledes det er gått med saken i bystyret, vet jeg ikke. New York har jo store finansielle vanskeligheter for tiden, og her blir det sikkert tale om større omkostninger, så det kan tenkes at det ikke blir «menneskelig mulig» å berge Metropolitanmuseets nabolag. Det ville være synd.

Men loven av 1965 har vist seg å være et effektivt instrument både for den alminnelige borger av byen og for antikvarene, og man kunne ønske at norske byer ville lære av New Yorks erfaringer. Jeg vil anbefale boken om dem på det beste.

History preserved:
Harmon H. Goldstone and Martha Dalrymple:
A Guide to New York Landmarks and Historic Districts. Schocken Books, New York 1976.

Arne Altern